



Kjære FAU og foreldrekontaktar i Klepp kommune

KORLEIS KAN VI SKAPA MEIR LESEGLEDE BLANT UNGANE VÅRE?

Vi har ei utfordring i Klepp. Utfordringa handlar om lesing og kjem fram m.a. gjennom dette biletet frå Folkehelsebarometeret for Klepp kommune:

Skole						
15	Trives på skolen, 10. klasse	84	84	85	prosent (k)	
16	Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl.	29	24	24	prosent (k)	
17	Laveste mestringsnivå i regning, 5. kl.	24	23	25	prosent (k)	
18	Frafall i videregående skole	24	21	23	prosent (k)	

Status: Folkehelsebarometeret til Klepp kommune viser utfordringar når det gjeld leseresultat. Trass samarbeid med Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger over fleire år, er ikkje resultatane gode. Skårane på dei nasjonale prøvene på 5 trinn viser at Klepp har for mange svake lesarar og for få gode. Resultatane varierer dessutan til dels sterkt mellom skulane.

Målsetting:

Klepp skal ha resultat i lesing som ligg på eller over landssnitt.

-Delmål 1 er å løfta fleire svake lesarar.

-Delmål 2 er å få fleire dyktige lesarar.

Med andre ord: Fleire av ungene våre har lågare leseugeleik enn gjennomsnittet i Noreg.

Dette ønskjer og må vi foreldre gjera noko med, i tillegg til tiltaka skulane i Klepp allereie har sett i gang.

Nokre fakta frå forskning:

- Lesing er heilt grunnleggande for livsmestring.
- Ferdigheit i lesing heng nøye saman med ferdigheiter i matte og andre fag.
- Verda blir stadig meir komplisert og avansert. Skriftleg informasjon blir stadig viktigare innan alle samfunnsområde, og denne utviklinga akselererer.
- **Og: Den viktigaste enkeltfaktoren for barns leseferdigheiter er foreldra ...**

Men forskinga kjem også med **gladmeldinga**: Det skal så uendelig lite til! Å skapa leseglede handlar om tre enkle tiltak:

- Ta utgangspunkt i barna sine eigne interesser og la barna velja lesestoff sjølv.
Til innvandrarforeldre: Les også mykje på språket dykkar. Bruk biblioteket!



- Bruk kvardagslesing: Les på alt av mjølkekartongar, gateskilt og handlelappar.
- Ha bøker heime! Bruk biblioteket, bytt bøker med venner og andre foreldre.

Konklusjon: Vi må rett og slett lese meir saman med borna våre.

Etter ei idémyldring i ei arbeidsgruppe i Kommunalt FAU med foreldre, biblioteket og skulefolk, har vi laga eit forslag til korleis vi foreldre kan gripa dette an:

- FAU og foreldrekontaktane på kvar skule står for gjennomføringa.
- Det blir halde foreldremøte på kvar skule kor målet er å skapa positiv dialog og idéutveksling mellom foreldra om:
 - Korleis kan me skapa tid/miljø for lesing i heimen?
 - Kva kan vi gjera saman?
- Det kan vera ein fordel å ha møta i mindre grupper, dvs. klassevis eller evt. trinnvis, for å få flest mogleg engasjerte i prosessen. Bruk gjerne gruppearbeid.
- Bruk vedlagte foldar og powerpoint 'Det var ein gong' som inspirasjon. Foldaren blir sendt alle FAU-leiarane.
- Få flest mogleg idear opp på tavle eller flip-over. Avtal eventuell fellesaktivitet.
- Etterpå set de i verk dei avtalte fellesaktivitetane
- Gjennomfør gjerne ei evaluering og gje tilbakemelding til Kommunalt FAU via skulekontoret.
- **Vi rår sterkt til aktiv bruk av biblioteket. Biblioteket inviterer også alle til å holda foreldremøte om lesing der!**

Vi ønskjer ikkje å leggja press på FAU og foreldrekontaktane i ein hektisk kvardag, men vi har ein draum om at dette blir gjennomført i løpet av dette skuleåret. Vi ønskjer også at dette blir fast tema på minst eit foreldremøte kvart år framover.

Vi ønskjer også tilbakemeldingar via skulekontoret om opplegget, gjerne med framlegg til forbetringar og nye idear.

Lykke til!

Med venleg helsing

Foreldregruppa for Lesetrøkk og Kommunalt FAU